



Målbruksplan for Vinje kommune

1. Historisk bakgrunn

I 1885 gjorde stortinget vedtak om jamstelling, mellom det allmenne bokspråket og norsk folkemål. Deretter vart det i 1947 vedteke at nynorsk skulle brukast på offentlege kontor (staten). Mållova (lov av 11. april 1980 nr. 5) regulerer og inneheld reglar for målbruk i offentleg teneste, både kommunal, fylkeskommunal og statleg.

2. Målform

Vinje kommune har vedteke, etter §5 i mållova, at det offisielle skriftspråket i kommunen skal vera nynorsk. Alle tilsette og alle kommunale organ pliktar å nytte nynorsk skriftspråk i tenesta.

3. Språkpolitiske mål

Skriftspråket som vert nytta i kommunen er nynorsk. Språket må vera så godt og variert som mogeleg. Kommunen ønskjer eit enkelt, klart og brukarvenleg språk. Likeins ønskjer me at det vert nytta høfleg tiltale og eit skriftmål som ligg nær opp til god offentleg nynorsk.

Dialekten er ein særst viktig del av den lokale kulturarven. Å ha eit godt feste i ein dialekt gjev identitet og sjølvkjensle. Kommunen ser det derfor som ei sentral oppgåve å verne om dialekten gjennom levande bruk og ei bevisst utvikling.

Mykje av grunnlaget for talemålet til borna vert i dag lagt i heimane, nærmiljøet, barnehagane og skulane. Det er derfor ei stor utfordring å bevisstgjera desse stadene til å legge vekt på å nytte nynorsk. Særleg er åra i barnehagen og dei første åra i grunnskulen avgjerande. Nynorsk og dialekt bør nyttast i størst mogleg utstrekning i songar, opplesing, leikar o.a.

§40 i lov om grunnskulen seier at læraren i ordtilfang og uttrykksmåte skal ta omsyn til talemålet til elevane. På liknande vis må dei tilsette i barnehagane ta dei same omsyna.

4. Retningsliner for skriftspråket i kommuneadministrasjonen

Kommunen skal i hovudsak nytte ei konsekvent språklinje, og me bør i utgangspunktet halde oss innanfor læreboknormalen eller godkjent nynorsk. Der det finst valfrie former, bør me velje den forma som ligg nærast vinje-dialekten.

I kommunen skal desse formene nyttast:

Kløyvd infinitiv eller e-infinitiv, me, skule, fyrst, då, no, ynskje.

Me bør bruke norske ord i staden for framandord, så sant det let seg gjera. Ei ordliste eller synonymordliste vil vera til god hjelp. Lokale ord og uttrykk som er i vanleg bruk i kommunen, bør brukast. Unngå bruk av forkortingar.

5. Tiltak

Opplæring

Kommunen tek sikte på:

- å gje kommunalt tilsette tilbod om kurs og rettleiing i nynorsk språkbruk. For sakshandsamarar og leiarar vert slike kurs obligatoriske
- å gjera tilsette i skule og barnehage kjende med dei lokale tilhøva når det gjeld språkformer, dialektar og lokal kultur
- informasjon til nytilsette om språkbruk i kommunen

I utlysing av ledige stillingar skal det stå at administrasjonsmålet er nynorsk.

Hjelpemiddel

På leiarar og sakshandsamarar sine kontor skal det vera tilgjengeleg:

- nynorsk ordliste
- andre aktuelle praktiske hjelpemiddel for nynorskbrukarar i det offentlege oppslagsbøker, nynorsk ordliste i alle teksthandsamingsprogram (språkrettingsprogram), stikkordliste (På saklista – nynorsk språk og dokumentlære for lokalforvaltninga).

Dei tilsette skal kunne få sakkunnig hjelp i målspørsmål. I administrasjonen skal det vera ein kontaktperson som kan vera rådgevar i slike spørsmål.

Dei enkelte einingane skal gjera seg kjende med nynorskterminologi på sine fagfelt.

Det vert administrativt utarbeidd utfyllande retningsliner for ein god språkbruk som kan nyttast som hjelpemiddel i tillegg til ordlister, oppslagsverk og retteprogram.

Materiell

Kommunen skal syte for at alle skjema, blankettar, kvitteringshefte og liknande som blir nytta i kommunen, er på nynorsk.

Skriftlege tilfang som blir nytta i skulane og i barnehagane skal vera på nynorsk så lang råd er.

Malar som ligg til bruk i IKT-systemet bør vera på nynorsk.

Stadnamn

Byggjefelt, vegar og andre stadnamn skal få lokale namn og byggje på lokal namnetradisjon. Alle slike namn må skrivast rett, og uttalen må vere i samsvar med målføret. Sjå òg lov om stadnamn frå 18. mai 1990 som gjev reglar for fastsetjing av skrivemåten for stadnamn.

Samarbeid med næringsdrivande

Kommunen vil arbeide for å få til eit samarbeid med dei næringsdrivande i kommunen om å drive god språkrøkt i lysingar, skilting og anna marknadsføring.

Landssamanslutninga av nynorskkommunar

Vinje kommunen er medlem i Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK), ei samanslutning av kommunar, fylkeskommunar og interkommunale tiltak som har til føremål å fremje nynorsk språk og kultur i offentleg verksemd.

Vedteke i kommunestyret 1.9.2011 i k-sak 11/70